



Kommunane i Hordaland

Dato: 02.10.2019  
Vår ref.: 2019/11237-5  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.:

## **Invitasjon til å søkje om midlar til dagsturhytter i kommunane i Hordaland i 2019**

Alle kommunane i Hordaland (etter gjeldande struktur september 2019) vert invitert til å søkje om tilskot til Dagsturhytte. Dette er ei vidareføring av suksessen i Sogn og Fjordane.

[Informasjon om prosjektet i Sogn og Fjordane](#)

Fylkestinget har løyvd midlar som skal nyttast til å sette i gang med 10 hytter i 2019. I finansieringsmodellen ligg det eit fylkeskommunalt tilskot på kr. 200.000,- til kvar hytte, samt ei gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane på kr. 100.000,-. Hyttene kan også få tildelt spelemidlar på inntil 1/3 av kostnaden.

Med utgangspunkt i maksimal pris på kr. 1.000.000,- vert det ein kommunal eigendel på kr. 367.000,-. Kommunen er tiltakshavar og mva-kompensasjon er avhengig av prosjektkostnaden. Noko grunnarbeid er også spelemiddelberettiga, og kan gå inn i søknaden. Ein tenkt finansieringsmodell for eigendelen kan sjå slik ut;

Kr. 67.000 – dugnad/eigen kommunal innsats knytt til grunnarbeid

Kr. 200.000 – mva.-kompensasjon

Kr. 100.000 – om lag den faktiske kostnaden etter mva.-kompensasjon

Dette inngår i prosjektet 2019-2021;

- Prosjektet må planforankrast i kvar kommune for å kunne søkje om spelemidlar.
- Sanitæranlegg vert tilrådd knytt til dei hyttene der ein i samråd med kommunen ser det vil bli eit behov.
- Det er ønskeleg med eit bibliotek i hyttene og ein plan for ulike arrangement.
- Opparbeiding av turløyper til hyttene, og merking og gradering av desse må vere ein del av lokal prosjektplan.
- Det er ønskeleg å knytte kulturminne til dagsturhyttene der det ligg til rette for dette.
- Det er ønskeleg med brei medverknad i høve prosessane kring plassering, opparbeiding og drift.
- Nokre av hyttene bør vere universelt utforma.
- Plakettar med logo skal vere i følge mal utarbeidd av fylkeskommunen; vere smakfulle i storleik og ha med namn på kommunen, i tillegg til dei som er med å finansiere og ev. andre aktørar som medverkar til oppføringa.
- Hytta bør plasserast sentrumsnært, nær skule el.l. og med mogleg tilkomst via kollektivtilbod. Det bør vere maks 15 min. køyring frå sentrum.

Kvar kommune (etter gjeldande struktur i 2019) kan søkje om ei hytte, med unnatak av Bergen som kan søkje om fleire.

I den politiske saka vart det lagt til grunn ein totalpris på kr. 1.000.000,-. I utlysinga av anbod vil det settast eit tak på denne summen for hytte inkludert lys og varme. Prisen kan altså verte lågare, men vil ikkje overstige kr 1. mill. Kommunane vil såleis kunne nytte denne finansieringsmodellen i lokal sakshandsaming, med maks-pris på kr. 1.000.000,- inkludert lys og varme, som vil vere ein integrert del av hyttene i Hordaland for å auke bruken heile året. Det vert opsjon på sanitæranlegg, og pris for dette vil kome etterkvart.

I søknaden vert det stilt krav om politisk forankring, men samstundes vert det førstemann til mølla for dei 10 hyttene som skal tildelast tilskot i 2019. Send inn kopi av vedtak så snart det er klart, og seinast innan 15. desember. Utlysing av anbod på hytta vil lysast rett etter dette, då utlysinga må innehalde informasjon om kven som er avtalepart. Dersom dei første ti vedtaka er på plass før fristen, vert utlysinga sett i verk. Prosjektet legg opp til at det kan byggast inntil 35 hytter totalt, men vidareføring etter 2019 er avhengig av fylkeskommunale løyvingar for perioden 2020-2021, og vert å kome attende til.

Fylkeskommunen sørgjer for anbudsutlysing og innstilling av leverandør. Kvar kommune skal sjølve skrive avtale med leverandør etter mal gitt av fylkeskommunen.

Dei kommunane som melder si interesse for dagsturhytte-prosjektet i haust, vert invitert til Sogn og Fjordane på studietur 5. november. Det vert ein god start på prosjektet, der vi vil vise 2 dagsturhytter i ulike kommunar. Prosjektleder i Sogn og Fjordane, Atle Skrede, vil vere med - samt næringssjefen i Gloppen kommune, Knut Roger Nesdal, som har nytta m.a. spelemiddelordninga for å utvikle unike "Trivselskogen" på Sandane der Dagsturhytta også ligg. Kommunane kan delta med 2-3 personar, og vi oppmodar ordførar, idrettskonsulent/kultursjef og næringssjef til å delta. Fylkeskommunen dekkjer fly/felles transport og lunsj. Reise til/frå flyplass og anna mat dekkjer kommunane sjølv. Frist for påmelding til studietur er 15. oktober.

Vedlegg;

1. Oppdatert framdriftsplan
2. Konseptskisse - dette er den opprinnelege skissa. Hytta som vart bygd har nokre endringar i høve desse skissene.
3. Døme på politisk sak frå Askvoll kommune - til hjelp ved utforming av eigne politiske saker.
4. Driftsavtale frå Luster kommune/Askvoll kommune

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:

1. Oppdatert framdriftsplan
2. Konseptskisse - dette er den opprinnelege skissa. Hytta som vart bygd har nokre endringar i høve desse skissene.
3. Døme på politisk sak frå Askvoll kommune - til hjelp ved utforming av egne politiske saker.
4. Driftsavtale frå Luster kommune/Askvoll kommune